

Stor aktivitet på kunstgrasbanen.

14.08.2016



Full fres på kunstgrasbanen.

I starten på skuleferien var det enorm aktivitet på kunstgrasbanen. Frå tidleg føremiddag til seine kvelden samla fotballspelarar seg der. I den verste pokémonperioden dabba det av og vart stille. No er det full gang på det att!

Då eg svinga nedom kunstgrasbanen på søndagsturen min i halvfiretida, var det svært mange som hadde det kjekt på banen. Nokre spela 'kamp' på tvers av banen. Der var gutar og jenter frå barnehagealder til konfirmasjonsalder samla på dei to laga. Leiken gjekk flott, alle var med og stemninga var topp. Gledeleg var det også å høyra at gutane som kom til bufellesskapet på Stølen like før helga også hadde vore med. Nokre hadde også vore på besøk hos dei på Stølen. I den samanhengen nemner vi også at det var svært positive tilbakemeldingar på facebookside til eit lag då trenar Lars Emil Berge melde om ein eller to nye spelarar frå Stølen på neste trening.

Tilbake til kunstgrasbanen i ettermiddag. I tillegg til gjengen som er nemnt, var nokre eldre spelarar i aktivitet ved det eine målet. Nokre av den yngste garde kosa seg med foreldre i leikeapparata på skulen. Ein herleg ettermiddag med god temperatur, godt ver og flott aktivitet var det!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland